

DET NORSKE TEATRET



1945—46

615g 116629



Teatersjef Knut Hergel



Tordis Maurstad



Eva Sletto



Dagny Gurvin

«Venner av Det Norske Teatret.»

Gjennom store ytre vanskar har Det Norske Teatret i ein mannsalder skapt kunst av så høg kvalitet at det i dag er ein kulturfaktor som eig ålmann vyrdnad i norsk liv.

Som takk for dette vil vi no be folk i bygd og by over heile landet vera med å setja ut i livet ein gamal plan om å skipa laget

«VENNER AV DET NORSKE TEATRET»

med det mål å verne og styrkje dette teatret.

Oslo 13. mars 1946.

Paal Berg. Arne Bergsgård. Bjarte Birkeland. Stein Bugge.
Magnus Børnes. Klaus Egge. Peter Egge. Hans Eidnes.
Kr. Elster d. y. Sigurd Evensmo. Arne Falk. Johan Falkberget.
Ingeborg og Kaj Fjell. Kåre Fostervoll. Stinius Fredriksen.
Finn Faaborg. Pola Gauguin. Samuline og Matias Glomnes.
Karoline Grude. Bolette og T. Hagemann. Jean Heiberg.
Ulrik Hendriksen. Eugenia Kielland. Gunnvor og Inge Krokann.
Signe og Knut Liestøl. Åse og Jens Lindberg.
Margit og Kjetil Ljøstad. Sigmund Moren. Olaf Norli.
Edith og Sparre Olsen. Ragna og Edvard Os. Ingrid og Lars Reinton.
Henrik Rytter. Olav Rytter. Åse og Sigmund Skard.
Gustav Skjebstad. Vegard Sletten. Ellisiv og Sverre Steen.
Andreas Støylen. Henrik Sørensen. Knut Tvedt. Sigrid Undset.
Harald Varden. Halldis og Tarjei Vesaas. Aslaug Vaa.
Beth og Dagfinn Werenskiold. A. H. Winsnes. Tore Ørjasæter.
Arnulf Øverland. Aslaug Aasland.


På eit førebuingssmøte er lovframlegg for laget drøfta, og desse valde til arbeidsutval:

Inge Krokann (formann), Sigurd Evensmo, Hans Eidnes, Arne Falk og Aslaug Vaa.

Tilskrift til laget er: Forretningsfører Harald Varden, Karl Johansgt. 41, tlf 32 725, Oslo, der interesserte kan få opplysningar.



Johan Norlund



Lars Tvinde




Edvard Drabløs



Øyvind Øyen



Pehr Qværnstrøm



Harald Heide Steen

SOFOKLES

ANTIGONE

Omsett frå gresk av Eirik Vandvik.

Regi: Knut Hergel.

Dekorasjonane av Arne Walentin.

Koreografi: Gerd Kjølås.

Musikk av gamle meistarar arrangert av
kapellmeister A. K. Nielsen.

PERSONANE:

Antigone	Tordis Maurstad
Ismene, syster hennar	Eva Sletto
Kreon, konge i Teben.....	Johan Norlund
Evrydike, dronning	Dagny Gurvin
Haimon, son åt Kreon.....	Øyvind Øyen
Teiresias, ein blind spåmann.....	Lars Tvinde
Korføraren	Edvard Drabløs
Ein vaktmann	Pehr Qværnstrøm
Ein bodberar	Harald Heide Steen
3 lagnadsgudinner	{ Liv Brodtkorb
	{ Marit Frogner
	{ Fernanda Smith
6 krigarar solodansar	Hans Kjølås

Koret, tebanske stormenn.

10 minutt opphald mellom 1. og 2. bolken.

SOFOKLES OG ANTIGONE

Av dei sju Sofokles-stykkka som er komne fram til oss — ein liten brøkdelen av den diktinga antikken kjende under hans namn — er det serleg to som har lagt for dagen ei ukueleg livskraft: «Kong Ødipus» og Antigone». Dei har vori eit rikt emne for filologisk gransking og for estetikarar som leita etter lovene for høg dramatisk dikting, ei inspirasjonskjelde for moderne diktarar og sist men ikkje minst: velsedde gjester i det moderne teater, både på den profesjonelle scenen og ved akademiske amatørspel. Vårt teaterpublikum har lite hatt høve til å møte dei, som gresk drama i det heile. Alle kjenner til «Ødipus-komplekset», men det er få som har hatt den store opplevinga å sjå den skakande tragedien om kongen som av vanvare har teki livet av far sin og gift seg med si eiga mor — å sjå denne lagnadstunge blindebukklikeien med eit stakars menneske.

«Antigone» byggjer, som greske tragediar flest, på ei gamal segn, men dramaet er meir universelt enn dei fleste greske drama. Det er nok så at både hendingar og teknikk heile tida minner oss om at vi er i Hellas; men den idéen stykket byggjer på, er tidlaus. Rett mot makt, dei «evige uskrivne gude-lover» mot dei ryre lovene åt tyranniet, pliktkjensla som vitnar med eige blod mot å krenkje mennesket — denne grunntanken har makta å bera dramaet ut over alle lands- og tidegrenser. I den siste store striden mellom høg- og låg-menneskeleg var dramaet jamvel med i ropet «Ned med tyrannane!», men Antigones røyst vart kjøvd av tyrannen — denne gongen i Oslo, i det verkelege liv, liksom i Aten, på scenen i Dionysos-teatret, i året 441 føre vår tidrekning.

Emnet er henta or same segnkrinsen som motivet i «Kong Ødipus». Antigone og systera Ismene er døtrene åt Ødipus og dei siste skota på Labdakos-ætta. Ulykka hadde heimsøkt denne kongsætta i Tebe i led etter led. Farfar åt systrene, kong Laios, var drepen av sin eigen son. Far deira hadde teki romet etter farfaren både på kongsstolen og i heimen. Då den lagnadstunge villfaringa kom for dagen, tok mor deira livet av seg, og faren — den usæle kongen som var både far og bror til borna sine — blinda seg for å sleppe sjå den ulykka han hadde valda. Etter Ødipus gjekk kongsmakta i Tebe i arv til sønene Eteokles og Polyneikes, som skulle styre byen kvar sitt

år etter tur. Men då Polyneikes sidan fekk hug til å ha makta åleine, samla han ein her på Peloponnes, serleg frå byen Argos, og førde krig mot sitt eige folk og sin eigen bror. Etter ein hard strid, der brørne felte einannan, jaga den tebanske «draken» den argiviske «ørnen» bort att.

Det er her handlinga i dramaet tek til. Fridomsdagen renn på nytt over byen med dei sju portane, i alle fall er tebanane frie for det åket som krigen hadde lagt på dei. Etter dei falne brørne er Kreon konge eller — som gekarane sa, med både god og vond meining — tyrann. Han er morbror åt Ødipus og såleis knytt til borna hans med fleire skyldskapsband enn vanleg er mellom menneske. I hans stutte styringstid slær ho til att, den forbanninga som kvilde over ætta: frende kjem til å stå mot frende som då Ødipus lyfte den drepende staven mot far sin, eller då Polyneikes bar våpen mot sin eigen bror. Og no skal denne motsetnaden koma til å rydja ut heile ætta.


Kreon set forbod mot å jorde liket av Polyneikes, landsvikaren. Men Antigone veit om lover som samvitet må setja over menneskelege bod og forbod. Det er dei uskrivne lovene som gudane sjølve har gjevi. Ei av dei krev at ein skal ha age for foreldre og skyldfolk — i livet og etter dauden. Broren Polyneikes har etter denne lova krav på å få kvile i sitt heimlands jord. Antigone trassar forbodet og breier mold og støv over liket. Ho gjer det hugheilt åleine. Den veike og vinglande systema Ismene får ikkje eingong lov til å vera med på denne «fromme synd». Til straff blir Antigone innestengd i ei berg-hole. Men tyrannen misreknar seg. Son hans er trulova med den unge fangen, og han gjer sams sak med henne etter domen er fallen, og døyir hos henne som er gravlagd levande.

Dette er hendingsramma som diktaren feller den udøyelege idéen inn i.

Inn i dialogen flettar Sofokles, på tradisjonell vis, lyriske korparti. Her høyrer ein m. a. den storlagde hymnen til mennesket, «Jorda er rik på underverk, mennesket sjølv er det største under» — eit under av godt og vondt, slik det syner seg i dette dramaet. Her er òg ein song om Labdakos-ætta og lidinga hennar frå led til led, ein liten hymne til Eros, kjærleiksguden som òg har ein finger med i dette spelet, og ein til Dionysos (Bakkos). Den siste guden, vinguden, er nær knytt til tragedien i det heile og til «Antigone» serskilt. Den tragiske diktinga har sprungi fram or Dionysos-dyrkinga. Dessutan er vinguden Teban, liksom personane i stykket, son åt ei tebansk kongsdotter og himmelkongen Zevs. Det er ikkje å undrast på at dei tebanske adelsmennene vender seg til han med ein korsong og bed han om hjelp i nauda.



A. K. Nielsen



Arne Walentin

DÅ TEATERDIREKTORATET SENSURERTE

Før den tyske hertakinga, hadde vi ingen teatersensur her i landet. Men ikkje før tok den tyske siviladministrasjon til, før det kom strenge ordrar til teatra om at ein ikkje måtte seia noko frå scenen som kunne vekkja demonstrasjonar, sterke fagningsrop o. l. Då Teaterdirektoratet vart skipa, nemnde det ut sensoren Albert Boeck som med det gløgge synet sitt skulle vaka over repertoaret på teatra.

Ein må smile no når ein blader igjennom «sensureksemlara» frå den tida, og les det som sensor har stroki med blå-blyanten sin.

Ein gong gjeld det ein replikk om en grøn vest som er stroken. Truleg av di han kunne få folk til å tenkje på «dei grønkleddene». Og i «Trettendagskvelden» forbaud sensuren Marvolio (Drabløs) å ha raude hoser med gule sokkeband. Det var å krenkja dei nasjonale fargane!

Ja, slik var det alt i eitt!

Vi skal her plukke fram eit par av dei strykingane som vart gjorde i «Antigone». For jamvel klassikaren Sofokles laut dei pirke på!

Det var t. d. ein tale som diktatoren Kreon held til folket sitt etter han urettvist har kasta seg opp til konge i Aten. Her seier han m. a.:

«Men sume er det her i byen
som lite toler makta mi og knurrar.
Dei skjek på hovudet i løynd og går
med stride nakkar under åket mitt.»

Denne replikken vart stroken. Og i Antigones replikk til rådsherrane seier ho:

«Eg fekk høyre ros av alle her
om ikkje redsla sette lås for munn.
Ja, einvaldsmakt har mang ein føremon:
fritt kan ho by og gjera det ho vil.»

Denne replikken var vel for aktuell til å få lov å stå. Lik-eins strauk dei Kreons ord til sonen Haimon, der han seier:

«Nei, den som rår med folkeviljen bak seg,
skal alle lyde blindt — i rett og urett!
Og gjer dei det, då trur eg visst dei styrer
med stødug hand sitt eige hus og krev
eit styre over seg av same slag.»

Like farlege er orda i desse replikkane, som heller ikkje vart tolde:

Kreon:
Kven annan enn seg sjølv skal kongen vyrda?

Haimon:
Eit land for e i n mann — det er ingen stat.

Kreon:
Men eig då ikkje kongen landet sitt?

Haimon:
Du styrde godt ei øydemark åleine.

«Vel, det som står med fuldværdig bæk og
skal alle lyde blandt — i rett og mekt
Og gjør det det, da frøt og vist det styret
med styling læst till sine hus og krav
et styre over seg av sine slægt

Lige forlængt af Lyde i disse renklare, som helst vilje
værl' Jøder:

Ernest:

Kven ræstet om sig, spyt skal kongen vrede!

Herman:

Det land for sine mark — det er thern stat.

Ernest:

Mex sig da lille kongen landet stift?

Herman:

Do styrede godt et sydenark slægt.